Vestland fylkeskommune

**INV - Forvaltning og utgreiing**
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Vår referanse** 2021/53480-2
**Dato** 09.12.2021

ARKITEKT METTE KYED THORSON
Kvalen 16
5955 LINDÅS

# Førebels svar - Avkøyrsle - Fv. 5476 Festevegen - Gnr 60 bnr 52 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad mottatt 03.11.2021 om avkøyrsle frå fv. 5476 Festevegen.

Avkøyrsleløyve frå offentleg veg skal vere gitt før det vert gjeve løyve til frådeling jf. plan og bygningslova § 27-4. Dersom det ikkje er lenge sida tomta vart frådelt, kan det ligge eit løyve i tilknyting til delingssaka.

Eigedomen er regulert jf. *Langenes (1985)*, medan tilkomstveg og avkøyrsle ikkje regulert. Reguleringsplanen har derimot eigne føresegner for kva tilkomstveg eigedomen skal nytte. I dette tilfellet er det avkøyrsla lengst nord (veg 2) som er bestemt nytta for denne eigedomen.



Figur: Del av reguleringsplan *Langnes (1985) som syner to ulike avkøyringar.*

Dersom det ikkje vart gjeve avkøyrsleløyve i delingssak etter plan og bygningslova må det søkjast om no. Det er to tilkomstvegar inn til området, og du må du avklare kva avkøyrsle som er tenkt nytta. Sidan planen er frå 1985 vil vi rå til å sjå knytte eigedomen til den avkøyrsla som har best utforming og frisikt til fylkesveg. Du må for eigen del undersøkje om det er behov for privatrettslege avklaringar i samband med dette.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Telefon 05557
E-post post@vlfk.no
Heimeside www.vestlandfylke.no
EHF-Fakturaadr. 821311632
Organisasjonsnr. 821 311 632

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4